



**Notat**

Dato: 27.03.2014  
Arkivsak: 2014/13622-3  
Saksbehandlar: kjesigv

---

**Til:** Jan Nordø, Einar Aalen Hunsager, Per Hjalmar Svae, Gudrun Mathisen, Karen Louise Nybø, Kjetil Sigvaldsen

**Frå:** Kjetil Sigvaldsen

---

## Møte i Regionrådet Nordhordland - referat

Tid: Fredag 14. mars kl. 12:00  
Stad: Nordhordland Utviklingselskap IKS, Knarvik

**Til stades:**

Ordførar: Jon Askeland, Nils Marton Aadland, Per Lerøy, Karstein Totland, Kristin Handeland, May Eva Sandvik, Kari Aakre.

Rådmenn: Jarle Landås, Reidun Halland, Øivind Olsnes, Ingvild Hjelmtveit, Hogne Haugsdal, Odd Ivar Øvregård, Svein Helge Hofslundsengen.

NUI: Rune Heradstveit, Kari Evensen Natland, Kjersti Isdal, Peter Emil Kaland.

Andre: Jan Nordø (sak 13/14), Kjetil Sigvaldsen (sak 13/14), Einar Vatne.

Forfall: Hallvard Oppedal, Knut Moe, Vidar Bråthen, Jan Olav Osen.

**Referent:** Kjetil Sigvaldsen

**Dagsorden:**

Jan Nordø orienterte om eit nytt høyringsutkast til Regional klimaplan for Hordaland. Referent noterte seg relevante innspel frå forsamlinga.

**Innspel:**

Ordfører, Austrheim kommune - Per Lerøy meiner at flis og trevirke er for lite spesifikt i planen. Man slit med å få gjennomført relevante tiltak. I mellomtida fortsett gjengroinga.

Per Lerøy: Vassboren varme er mogleg, men har til no vist seg å vere for kostbart. Jon Askeland, ordførar i Radøy kommune og leiar for Regionråd Nordhordland, viste til at mangel på distribusjonsnett fører til at ein ikkje får overført kraft og at prisane dermed stig.

Fungerande rådmann, Lindås kommune - Hogne Haugsdal: Kven skal sørge for at klimaplanen blir sette i verk? Kven skal jobbe med det? Kommunane har ofte ikkje nok gjennomføringskraft, sjølv om ideane er gode. Viktig plattform for alle kommunane: Vere forpliktande samt konkrete tiltak.

Daglig leder, Regionråd Nordhordland - Rune Heradstveit: Sidan det er satt av midlar til regionen med omsyn til Klimaplanen og satsing på energieffektive bygg, så skulle ein gjerne fylgd opp med eit prosjekt.

Oppfølging var planlagt, men Rune synast det var stor nedtur då berre to representantar frå kommunane meldte seg på. Rettare sagt ikkje responderte, seier han. Han fekk verken eit ja eller nei. Han er villig til å prøva på nyt. Ordførar, Meland kommune - Nils Marton Aadland: Hordaland fylkeskommune må også forholda seg til den enkelte kommune.

Per Lerøy: Det er viktig med gode nye, moderne veger. Dette gjer meir effektivt transportsystem. Dette må Hordaland fylkeskommune ta ansvar for. Vidare seier Per Lerøy: Hordaland fylkeskommune må sjølv ta måla inn over seg: ikkje sentralisere, dette er ikkje alltid den rette miljøpolitikken. Viktig med desentralisering. Rådmann, Osterøy – Odd Ivar Øvregård: Meir usentralt – mindre klimavenleg. Busetting i bygdene – meir klimavenleg. Fylkeskommunen bør komme på banen.

Jon Askeland: Areal/ transport: Det er viktig å skilja mellom by og land. Kor snakkar vi om? Vidare: konkretisering av tiltak er viktig.

Nils Marton Aadland: Utkastet til klimaplanen er eit godt steg framover, kor den blant anna er meir konkretisert. Planen gjer eit godt grunnlag for politisk debatt. Vidare: det er viktig å få på plass ein god handlingsplan som er forankra i kommunestyra og i folket, og fylkeskommunen bør vurdera folkemøte. Det er også viktig at fylkeskommunen vurderer korleis dei skal sikra medverknad i kommunane – og korleis kommunane kan setja av ressursar for å oppnå at planen ikkje ender i skuffa. Viktig med ein handlingsplan som blir godt forankra i befolkninga.

Hogne Haugsdal: Kven følgjer opp? Tid og prioritering? Korleis realisere planane?

Jon Askeland: Tre viktige punktar som Hordaland fylkeskommune bør ta med seg vidare:

- Ros for klimaplan i riktig retning.
- Ynskje om folkemøte i Nordhordland.
- Korleis sikre at klima/handlingsplan blir teken i bruk i kommunane? Kommuneplanrullering?